



Kjartan Sagstad Dalstø
Kjedalen 11
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1491 - 17/11785

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
15.06.2017

Godkjenning- Søknad om oppføring av tilbygg til einebustad, gbnr 10/152

Administrativt vedtak. Saknr: 167/2017

Tiltakshavar: Kjartan Sagstad Dalstø
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld:

Kjartan Dalstø har søkt om oppføring av eit tilbygg opplyst til 13 m² BYA, til sin einebustad på gbnr 10/152 på Holme. Tilbygget inneheldt soverom til bustaden.

På gbnr 10/152 er det alt registrert eit tilbygg, der omsøkt tiltak er planlagt plassert. Dette er eit uthus som ikkje er godkjent for varig opphald. Uthuset blir fjerna og nytt tilbygg blir plassert på same stad.

Det vert vist til søknad med vedlegg journalført motteke 30.5.2017.

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla 29.5.2017. Det er ikkje komen merknader til tiltaket, og nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plan- og lovgrunnlag:

Eigedommen er regulert av reguleringsplanen for Holmemarka til bustadhus med garasje. Planen stiller krav til to parkeringsplassar, og tillatt utnyttingsgrad er satt til 25% BYA. Tiltaket samsvarer med reguleringsplanen.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Tiltaket si plassering, høgd og avstand til nabogrense:

Plassering som omsøkt kjem ikkje i strid med avstandkravet i pbl § 29-4 andre ledd. Kommunen godkjenner tiltaket som vist på situasjonskart journalført motteke 30.5.2017.

Tiltaket si utforming og utsjånad:

Kommunen finn at det omsøkte tiltaket stettar krav til utforming, funksjon og utsjånad i pbl §§ 29-1 og 29-2, i samsvar med vedlagte teikningar.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl § 20-4 løyve til oppføring av tilbygg på 13m² på gbnr 10/152 som omsøkt. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart

Vedlegg:

Teikningar

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - GBNR 10/152

Mottakere:

Kjartan Sagstad Dalstø

Kjedalen 11

5918

FREKHAUG